



Bakgrunn for vedtak

Søknad om løyve til uttak av grunnvatn til Tytlandsvik Aqua AS

Hjelmeland kommune i Rogaland



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Tiltakshavar	Tytlandsvik Aqua AS
Referanse	201700734-16
Dato	23.03.2018
Notatnummer	KI-notat 4/2018
Ansvarleg	Gry Berg
Sakshandsamar	Silje Aakre Solheim

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.vert sett inn automatisk ved ekspedering

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9

7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18

8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B

6800 FØRDE

Region Øst
Vangsvieien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Samandrag

Tytlandsvik Aqua AS søker etter vassressurslova § 8 om løyve til å ta ut inntil 4 m³/min grunnvatn til postsmoltproduksjon på Tøtlandsvik industriområde i Hjelmeland kommune.

Vormo vart i 1980 verna mot kraftutbygging gjennom verneplan II for vassdrag.

Området der smoltproduksjonen er planlagt vart i 2004 regulert av Hjelmeland kommune til industri/akvakultur. Tytlandsvik Aqua fekk i januar 2016 konsesjon til produksjon av stor smolt på det aktuelle området. For å starte opp anlegget er det behov for stabil tilgang på ferskvatn. Det har tidlegare vore teke ut inntil 5 m³/min grunnvatn i same området, men til andre føremål.

Hjelmeland kommune ber om at det vert gjeve konsesjon som omsøkt. **Fylkesmannen i Rogaland** ønskjer overvaking for å sikre at vasstanden i Vormo ikkje vert påverka.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til uttak av grunnvatn, må dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

Tytlandsvik Aqua AS søker om løyve til uttak av 4 m³/min grunnvatn frå brønnar i lausmasse i Tytlandsvik i Hjelmeland kommune. Vatnet skal brukast i eit planlagt postsmolt-anlegg. Grunnvassuttaket vil i følgje søkar ikkje påverke vassføringa i elva Vormo, som renn ut i fjorden ved Tytlandsvik. Vassdraget Vormo er verna, men området der anlegget er planlagt, er allereie sterkt prega av tidlegare næring, og kan ikkje seiast å vere urørt, noko som var eitt av vernekriteria for vassdraget. NVE meiner at den teoretiske fråføringa av vatn frå Vormo vil vere ubetydeleg og ikkje merkbar.

Det omsøkte grunnvassuttaket vil etter NVE si vurdering gje Tytlandsvik Aqua AS ei sikker vassskjelde til det planlagde settefiskanlegget. Brønnane vil ikkje føre til betydelege konsekvensar for biologisk mangfald, brukarinteresser i området, eller verdjar lagt til grunn for vernet.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. Etter NVE sitt syn vil ikkje uttak av grunnvatn til settefiskproduksjon i Tytlandsvik utgjere ein særleg konflikt med verneverdiane, og kravet i vassressurslova § 35, post 8 er oppfylt.

NVE gjev Tytlandsvik Aqua AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av grunnvatn til settefiskproduksjon i Tytlandsvik. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Innhald

Samandrag	1
Søknad	2
Høyring og distriktsbehandling	3
NVE si vurdering	6
NVE sin konklusjon	8
Forholdet til anna lovverk	10
Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova	11

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad frå Tytlandsvik Aqua AS, datert 25.8.2017:

«Etter § 8 i vassdragslova søker Tytlandsvik Aqua AS om konsesjon til uttak grunnvann til postsmoltproduksjon på Gnr. 35/bnr. 1 i Hjelmeland kommune i Rogaland fylke.

Det søkes om konsesjon til uttak av inntil 4 m³/min frå brønner i området som er avsatt til vannuttak i reguleringsplan R33 – REGULERINGSPLAN TØTLANDSVIK INDUSTRIOMRÅDE, Hjelmeland kommune.»

Grunnvassuttak til Tytlandsvik Aqua AS, endeleg omsøkte hovuddata:

GRUNNVASSUTTAK		
Maksimalt grunnvassuttak	m ³ /min	4

Om søkjar

Tytlandsvik Aqua er eigd med like delar av Grieg Seafood, Bremnes Seashore og Vest Havbruk.

Skildring av området og tidlegare bruk

Tytlandsvik ligg i Hjelmeland kommune i Rogaland. To elvar renn ut i fjorden i Tytlandsvik. Kvernhusbekken renn ned dalsida frå sørvest og har eit nedbørfelt på 1,06 km². Elva Vormo renn ut like ved planområdet i Tytlandsvik. Denne har eit nedbørfelt på 118,6 km², men feltet når ikkje ned til det regulerte området. I perioden 1975 til 1994 dreiv Tytlandsvik Sandindustri AS sanduttak i Tytlandsvik. Før denne tid var det sagbruk i området. I 2004 regulerte Hjelmeland kommune det gamle sanduttaket til industri/akvakultur. I 2016 fekk Tytlandsvik Aqua AS konsesjon til produksjon av stor smolt i det regulerte området.

Tytlandsvik Sandindustri AS tok i si tid ut grunnvatn for å vaske massane. Dette grunnvassuttaket var på 5 m³/min eller ca. 83 l/s frå éin brønn. Etter at sanduttaket vart avslutta har vatn frå brønnen vore sporadisk nytta til næringsføremål.

Grunnvasskjelde

Grunnvassmagasinet er om lag 30 m mektig og består av lausmassar. I direkte tilknytning til tiltaksområdet ligg Kvernhusbekken. Grunnvassmagasinet strekkjer seg også oppover i dalen der det får ein meir direkte samanheng med elva Vormo.

Grunnvassmagasinet er eit ope magasin. Dette betyr at det ikkje er eitt tett lag mellom grunnvasspegelen og terrenget. I arealet som er dekkja av lausmassar vil regn og snø bidra til nyvinning av grunnvatn. Nydanning av grunnvatn vil også skje ved infiltrasjon frå elva. Dette er truleg tilfellet året rundt for den nedre delen av grunnvassmagasinet grunna retninga elva tar og høgdeskilnaden mellom elvevatnet der elva svingar og grunnvasstanden i brønnområdet. Oppe i dalen vil grunnvasspegelen truleg ligge meir parallelt med grunnvatnet. Ofte vil då grunnvatnet sige mot elva ved låg vassføring og omvendt ved høg vassføring. Grunnvassmodellering viser at grunnvassmagasinet under næringsområdet vil bli påverka av grunnvatn som strøymer frå dalsida ved Kvernhusbekken, dalen lenger oppe og elva Vormo.

Grunnvassmagasinet er påvist å ha svært god vassgivarevne. Fornying av grunnvassmagasinet skjer ved infiltrasjon frå nedbør, grunnvatn frå dalsidene og dalen oppstraums området, og frå tilsig av elvevatn. Søknaden gjev denne oversikta når det gjeld tilførsel av grunnvatn til grunnvassmagasinet:

Frå aust (m ³ /min)	Frå sør (m ³ /min)	Frå nedbør (m ³ /min)	Samla (m ³ /min)
27,8	1,4	0,8	30

Området for grunnvassuttaket ligg nær fjorden, og saltvatn vil forekomme i grunnvassmagasinet nærast fjorden. Plassering av grunnvassbrønnane i forhold til fjorden blir difor viktig for søkar. Målingar i området viser at forholdet mellom saltvatn og ferskvatn er den same før og etter prøvepumping.

Produksjon og forbruk av vatn

Produksjon av postsmolt vil skje ved at ferdig smoltifisert fisk vert sett inn i anlegget. Laksesmolten vil ha ein storleik på mellom 70 og 150 g. Fisken skal gå i vatn med 0-30 promille saltvatn. Produksjonen i anlegget skal skje så jamt som mogleg for å kunne utnytte plass og anlegg. Det er planlagt eit stabilt vassforbruk på 4 m³ ferskvatn per min. Dette fordi filteret treng ein stabil tilførsel av vatn. Ferskvatn vert også brukt til spyling av filter. Det same vatnet skal brukast til oppfylling av tomme kar (det vert ikkje auka uttak når kar skal fyllast). Som ei reservevasskjelde oppgir søknaden at det kan brukast meir sjøvatn i ein periode fram mot levering til mærer på sjø.

Teknisk plan

Teknisk plan er under utarbeiding.

Forholdet til offentlege planar

Kommuneplan

Det aktuelle området vart i 2004 regulert til næring/akvakultur.

Verneplan for vassdrag

Vassdraget vart verna i Verneplan II av 1980. Vernegrunnlaget er mellom anna forekomst av stadvis kalkrike bergartar og større lausmasseavsetningar, som bidreg til å gje ein stor variasjon i landskapstypar, flora og fauna. Det er også beskrive at feltet har eit verdifullt dyreliv med ein god fiskebestand og laks- og sjøaurefiske. Det er også mange kulturminne i området som gjev moglegheit for opplevingar.

Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar, samt involverte partar for uttale. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane. NVE har ikkje vore på synfaring i området.

Høyringspartane sine eigne oppsummeringar er referert der slike finnst. Andre uttalar er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentlig postjournal og/eller NVE sine nettsider. NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Hjelmeland kommune uttalte seg i brev av 11.12.2017:

«...

Vurdering og konklusjon Kommunen kjenner saka godt frå arbeidet med reguleringsplan. Området er godt tilrettelagt for tiltaket. Det er lite ønskeleg og heller ikkje miljøvennleg å nytta avsalting. Postsmoltanlegg i seg sjølv er også eit godt miljøtiltak i samband med lakselusproblematikken. Konesjon vert tilrådd.»

«...

***FSK - vedtak:** Hjelmeland kommune ber om at det vert gitt konsesjon som omsøkt til uttak av inntil 4 m³ grunnvatn i minuttet til Tytlandsvik Aqua, jfr. søknad sendt NVE.»*

Fylkesmannen i Rogaland kom med uttale i brev av 7.12.2017:

«...

Undersøkingar og berekningar gjennomført av Cowi AS viser mellom anna at eit uttak av inntil 4 m³ grunnvatn/min ikkje vil påverke vassføringa i Vormo, samt at vassuttaket ikkje vil gå ut over anna bruk i nærområdet.

Fylkesmannen føreset at vassføringa i det verna vassdraget Vormo ikkje blir påverka som følge av tiltaket, jf. kap. 3 i forskrift om retningslinjer for verna vassdrag. Fylkesmannen legg vidare til grunn at uttak av grunnvatn ikkje påverkar landbruksjorda eller produksjonen til nabogarden (eigedom 35/1) negativt.

Den flaumpåverka naturtypen gråor-heggeskog er registrert i nedre delar av Vormo. Naturtypen er vurdert som viktig ut frå generelle tilhøve som storleik, høg produktivitet og sjønær plassering. Naturtypen er fuktkevande, og den regionalt sjeldsynte evjeelvemosen er mellom anna registrert i området. Fylkesmannen legg til grunn at naturtypen med tilhøyrande artar ikkje blir påverka som følge av planlagde tiltak, verken direkte eller indirekte.

NVE må sikre ivaretaking av dei ovannemnte tilhøva i vidare sakshandsaming, samt i vilkår i ein eventuell konsesjon. Fylkesmannen ser her på overvaking som eit naudsynt verktøy for å sikra dokumentasjon på at mellom anna vassføringa i Vormo ikkje blir påverka som følge av tiltaka.»

Søklar sine kommentarar til høyringsuttalane

«COWI AS svarar på høyringsuttalelsane på vegne av Tytlandsvik Aqua AS. Det er motteke to merknader til søknaden:

- *Hjelmeland kommune*
- *Fylkesmannen i Rogaland*

Merknad frå Hjelmeland kommune støttar søknaden og vert ikkje kommentert.

Merknaden frå Fylkesmannen i Rogaland (FMA) har følgjande moment:

1. *FMA føreset at vassføringa i det verna vassdraget ikkje vert endra og at landbruksjorda eller produksjonen på nabogarden ikkje vert påverka av tiltaket.*

Svar:

Det er søkt om eit uttak på 4 m³/min, tilsvarande 66,7 l/s. Minstevassføring (5-percentil sommar) er 676 l/s, jfr. tabell 1 i søknaden. Grunnvassmodellen simulerer at 56 % av uttaket kjem frå elveinfiltrasjon og grunnvatn oppstrøms tiltaksområdet. Minstevassføringa kunne derfor teoretisk verta redusert med opptil 37 l/s, altså til ca. 640 l/s dersom det berre var elveinfiltrert vatn som vart tilført brønnane. Dette teoretiske vasstapet frå elva er opptil ca. 6 % av minstevassføringa. Dette er lite truleg sidan målingane tyder på at vassnivået i Vormo ligg over grunnvassnivået. Det er derfor grunnvasstilførsel frå lenger oppe i dalen som hovudsakleg matar vatn inn til brønnane. Grunnvatnet ligg lågt og det er ingen kommunikasjon til rotsonen på dyrka mark, landbruksproduksjonen kan derfor ikkje verta påverka.

Vi opprettheld påstanden om at vassføringa i Vormo eller landbruket ikkje vil verta påverka av uttak av omsøkt vassmengde.

2. Det er føresett at den flaumpåverka naturtypen gråor-heggeskog eller evjeelvemose med tilhøyrande artar ikkje vert påverka direkte eller indirekte av tiltaket.

Svar:

Ifølgje tabell 1 i søknaden er middelvassføringa i eit normalår 7863 l/s. Omsøkt uttak er under 1 % av vassføringa og i forhold til flaumpåverka gråor-heggeskog kan vi ikkje sjå at eit slikt vassuttak har betydning for naturtypen sjølv om alt vatn hadde kome frå elveinfiltrasjon. Vi går ut frå at elveevjemosen veks i evjesonen, dvs. heilt ned mot fjorden. Vi kan ikkje sjå at eit grunnvassuttak kan ha noko med dette forholdet å gjera.

Vi kan ikkje sjå at eit grunnvassuttak kan ha betydning for flaumpåverka naturtype og vegetasjon i evjesonen.

3. FMA foreslår overvaking av m.a. vassføringa i Vormo.

Svar:

Måling av vassføring i ei stor elv er vanskeleg å få presis. I dette tilfellet er det potensielle vasstapet frå elv til grunnvatn i storleiksorden 6 % av minstevassføringa (5 percentil sommar). Vi forventar at feilkjeldene til måle metodane er så store at det eventuelle vasstapet frå elv til grunnvatn vil vera vanskeleg å dokumentere ved målingar i elva. Derfor vert det foreslått at ein lagar driftsovervåkinga for brønnane på ein måte som også viser innsig av vatn frå området oppstrøms brønnane.

Overvaking av grunnvassmagasinet er ein sikrere dokumentasjonsmetode enn overvaking i elv. Forslag til overvåking er vist på neste side.

Rundt grunnvassuttaket skal det vera 3 overvåkingsbrønner for å kontrollere viktig informasjon som skal danne grunnlag for bruken av grunnvassressursen.

Overvåkingsbrønner skal plasserast slik:

3 eksisterande brønner skal nyttast til overvåking. Brønnane som skal brukast er dei som tidligare er overvåka.

Dette skal gjerast ved måling av:

- grunnvassnivå
- temperatur
- elektrisk leiðningsevne

Dette vil gje informasjon om innstrøymingsforholda til brønnane. Dersom det vert trekt inn saltvatn frå fjorden skal akseptnivå for dette vera styrt av tolegrensar i produksjonsvatnet. Det er ingen brukarinteresser for fersk grunnvatn lenger mot fjorden. Ved evt. opphøyr av grunnvassuttaket vil ferskvatnet fortregja saltvatn og grunnvassmagasinet vil koma tilbake til opprinneleg tilstand med omsyn til fordeling av salt og ferskt vatn. Temperatur- og nivåvariasjonar vil gje informasjon om innverknad av infiltrert vatn frå elv. Målingar i brønnane skal ikkje visa langtidsavsenking av grunnvassnivå.

Måleteknikk og rapportering

- Målingane skal vera automatiserte og kobla til driftsovervakinga.
- Registreringane skal lagrast og vil vera tilgjengelige for innsyn av NVE.

Revisjon

- Etter 1 års overvåking kan overvåkingsprogrammet reviderast dersom det er ny informasjon som tilseier det.

Vi minner om at dette er eit stort og viktig prosjekt og ber om at NVE gjer sitt beste for å få ei rask saksbehandling.»

NVE si vurdering

Hydrologiske verknadar av utbygginga

Det vert søkt om å ta ut grunnvatn frå lausmassar, i eit område som er avsett til næring/akvakultur. Det skal her etablerast eit settefiskanlegg. Omsøkt maksimalt vassuttak er på 4 m³/min eller 67 l/s.

Vassuttaket vil i følge søknaden vere tilnærma stabilt gjennom året.

Grunnvasskjelda som skal nyttast til vassforsyning vert påverka av nedbørfelta til både Vormo og Kvernhusbekken. Fornyng av grunnvassmagasinet skjer ved infiltrasjon frå nedbør, grunnvatn frå dalsidene og dalen oppstrams området, og frå tilsig av elvevatn. Søknaden gjev denne oversikta når det gjeld tilførsel av grunnvatn til grunnvassmagasinet:

Frå aust (m ³ /min)	Frå sør (m ³ /min)	Frå nedbør (m ³ /min)	Samla (m ³ /min)
27,8	1,4	0,8	30

I søknaden er det oppgitt at det er gjennomført prøveboring i to brønner, men det er ikke oppgitt kor mange brønner det er aktuelt å etablere som permanent vassforsyning. Med utgangspunkt i søknaden sine kalkuleringer om at tilførsel av grunnvatn i magasinet ligg på 30 m³/min, vurderer NVE at settefiskanlegget vil ha ei sikker vassforsyning.

Grunnvassmodellen som ligg til grunn for søknaden simulerer at 56 % av vassuttaket vil komme frå elveinfiltrasjon og grunnvatn oppstraums tiltaksområdet. Dette betyr at lågvassføringa i elva Vorma i teorien kan verte redusert med inntil 37 l/s dersom det berre var elveinfiltrert vatn som vart tilført brønnane. Dette ville utgjere om lag 6 % av 5-persentil sommarvassføring som er oppgitt til 676 l/s. Dette scenarioet er lite sannsynleg sidan målingar tyder på at vassnivået i Vormo ligg over grunnvassnivået. Det vil difor hovudsakleg vere grunnvasstilførsel frå lenger oppe i dalen som matar vatn til brønnane. NVE meiner den teoretiske fråføringa av 37 l/s frå Vorma vil vere ubetydeleg, og ikkje merkbar på vassføringa i Vormo.

Naturmangfald

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om grunnvassuttak i Tytlandsvik legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, høyringsuttalar og NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 26.1.2018. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, og for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I nærområdet til grunnvassuttaket finst det ein lokalitet med gråor-heggeskog (flaummarkskog). Denne ligg langs nedste del av Vormo og har fått verdi viktig. Fylkesmannen viser også til denne skogen i sin uttale, og at det er viktig at denne ikkje vert påverka. Som nemnt ovanfor meiner NVE at ei ev. fråføring av vatn frå Vormo vil vere ubetydeleg, og at tiltaket såleis ikkje vil påverke flaummarkskogen. Eit eventuelt grunnvassuttak vil etter NVE si mening ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

NVE har også sett påverknaden frå grunnvassuttaket i samanheng med anna påverknad på naturtypane, artane og økosystemet. Den samla belastninga på økosystemet og naturmangfaldet er såleis vurdert, jamfør naturmangfaldlova § 10. Den samla belastning er vurdert til ikkje å vere så stor at den er avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal tilleggast særleg vekt.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.

Verneverdiar

Vassdraget Vormo er verna etter verneplan II av 1980. Området der anlegget er planlagt er allereie sterkt prega av tidlegare næring, og kan ikkje seiast å vere urørt, som var eitt av vernekriteria for vassdraget. Som vurdert over meiner NVE at den teoretiske fråføringa av vatn frå Vormo vil vere ubetydeleg og ikkje merkbar. NVE vurderer at det omsøkte tiltaket ikkje vil påverke verdiar lagt til grunn for vernet.

Brukarinteresser

Brønnane skal plasserast i eit område som er regulert til næring/akvakultur, og det har tidlegare vore drive ulike næringar på området som er prega av dette. NVE kan ikkje sjå at etablering av grunnvassbrønner skal føre til endringar i allmenta sin eventuelle bruk av området.

Kulturminne

Det er ikkje registrert kulturminne innanfor tiltaksområdet.

Flaum, ras og skred

Det er ikkje venta at uttaket av grunnvatn vil kunne føre til setningar, endringar i stabilitet, eller føre til auka erosjon.

Samfunnsmessige fordelar

Ein konsesjon til vassuttak som omsøkt vil gje grunnlag for etablering av eit postsmolt-anlegg i Tytlandsvik. Anlegget vil sørge for fisk som har kortare tid på sjø før levering, med dei fordelane det fører med seg. Anlegget vil også legge grunnlag for nye arbeidsplassar i området.

Oppsummering

Tytlandsvik Aqua AS søker om løyve til uttak av 4 m³/min grunnvatn frå brønner i lausmasse i Tytlandsvik i Hjelmeland kommune. Vatnet skal brukast i eit planlagt postsmolt-anlegg. Grunnvassuttaket vil i følgje søkar ikkje påverke vassføringa i elva Vormo, som renn ut i fjorden ved Tytlandsvik. Vassdraget Vormo er verna, men området der anlegget er planlagt, er allereie sterkt prega av tidlegare næring, og kan ikkje seiast å vere urørt, noko som var eitt av vernekriteria for vassdraget. NVE meiner at den teoretiske fråføringa av vatn frå Vormo vil vere ubetydeleg og ikkje merkbar.

Det omsøkte grunnvassuttaket vil etter NVE si vurdering gje Tytlandsvik Aqua AS ei sikker vasskjelde til det planlagde settefiskanlegget. Brønnane vil ikkje føre til betydelege konsekvensar for biologisk mangfald, brukarinteresser i området, eller verdiar lagt til grunn for vernet.

NVE sin konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. Etter NVE sitt syn vil ikkje uttak av grunnvatn til settefiskproduksjon i Tytlandsvik utgjere ein særleg konflikt med verneverdiane, og kravet i vassressurslova § 35, post 8 er oppfylt.



NVE gjev Tytlandsvik Aqua AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av grunnvatn til settefiskproduksjon i Tytlandsvik. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

Forholdet til anna lovverk

Forholdet til plan- og bygningslova

Forskrift om byggesak (byggesaksforskriften) gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonsbehandling hjå sektormyndigheita

NVE har ved vurdering av om konsesjon skal gjevast etter vassressurslova § 8 føreteke ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 som gjeld ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som ein vurderer eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert krav om minstevassføring og standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, inkludert Miljødirektoratet/Fylkesmannen, høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det aktuelle vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at føremålet med inngrepet i form av settefiskproduksjon ikkje med rimelegheit kan oppnåast med andre middel som er vesentleg betre for miljøet. Både om inngrepet teknisk kan gjennomførast og kostnader er vurdert.

Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1: Grunnvassuttak

Løyvet gjeld uttak av maksimalt 4 m³/min (67 l/s) grunnvatn innanfor området som er regulert til næring/akvakultur i Tytlandsvik.

Vassforbruket skal loggast kontinuerleg, og data skal leggast fram for NVE ved førespurnad.

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Detaljerte planar skal leggast fram og godkjennast av NVE før arbeidet startar.

Tabellen under prøver å oppsummere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gitt føringar andre stadar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gitt konsesjon på følgjande føresetnadar:

Uttak av grunnvatn	Det skal takast ut maksimalt 4 m ³ /min (67 l/s) frå brønner innanfor det regulerte området.
Overvaking	Det skal utarbeidast ein plan for overvaking av grunnvassmagasinet i samband med uttaket. Planen skal innehalde forslag til korleis magasinet skal overvakast og kva tiltak som skal setjast i verk ved eventuell overskriding. Planen skal sendast til NVE og godkjennast gjennom detaljplanlegginga.
Brønner og vassleidningar	Etablering av brønner og vassleidningar skal skje på ein slik måte at det ikkje er til hinder for eventuelle brukarinteresser i området.

Det er gjeve i tabellen i kva grad justeringar kan gjerast i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.